




DEN NORSKE KYRKJA
Suldal kyrkjeleg fellestråd
4230 Sand



Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Arkiv: 008

Dato: 10. november 2006

HØYRINGSSVAR: NOU 2006: 2 STATEN OG DEN NORSKE KIRKE

Vedlagt følger svarskjema om Staten og Den norske kirke.

I skjema er det avkryssa for det svaralternativet som fekk fleirtal i rådet. Der røystinga ikkje var samrøystes er det kommentert nedanfor.

Utover skjema har Suldal kyrkjelege fellestråd følgjande kommentarar til spørsmåla:

Spørsmål 1:

- trus- og livssynsfridom bør liggja til grunn for trus- og livssynspolitikken.
- staten skal leggja til rette for religionsutøving.
- staten må ha eit ansvar for å ta vare på den kristne kulturarva.

Spørsmål 2:

Suldal kyrkjeleg fellestråd meiner at Den norske kyrkje må få ei friare stilling i forhold til staten. Med 84% av befolkninga som medlemmer vil Den norske kyrkja stå i ein særstilling i forhold til andre trus- og livssynssamfunn. Den norske kyrkja bør likevel som trussamfunn sjølv ta avgjerder om kyrkja sitt indre liv og om utnemning av biskopar og prostar.

Spørsmål 4:

Det er viktig at Den norske kyrkje framleis er landsdekkjande og til stades i alle lokalsamfunn. Alle medlemmene i kyrkja bør ha tilgang til dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

Det bør ikkje vera det enkelte medlem sin privatøkonomi som styrer om ein skal vera kyrkjemedlem eller ikkje. Ei offentleg finansiering gjer at staten kan vera økonomisk støttande også ovafor andre trus- og livssynssamfunn.

Spørsmål 5:

Suldal kyrkjeleg fellesråd var delt når det gjaldt spørsmålet om valordningar.

4 røysta for at valordningane bør vera som i dag, 1 røysta for auka bruk av direkte val og 3 røysta veit ikkje/ønskjer ikkje å svara.

Kyrkja har i dag demokratiske valordningar, men det bør arbeidast for auka valdeltaking.

Valordningane til bispedømmeråd bør forenklast og forbetrast.

Spørsmål 7:

5 medlemmer røysta for at den lokale kyrkja bør ha ansvaret for gravferdsforvaltinga, 2 røysta for at kommunen bør ha dette ansvaret, medan 1 røysta veit ikkje/ønskjer ikkje å svara.

Kyrkjegardane ligg ofte i nær tilknytning til eller rundt kyrkjebygga, og det er vanskeleg å skilja sjølvne kyrkjegarden ut som ein eigen eigedom. Kyrkja har lange tradisjonar som forvaltar av kyrkjegardane, og undersøkingar gir den lokale kyrkja gode tilbakemeldingar på forvalting av dette ansvaret.

Kyrkjeleg fellesråd meiner det bør vera opning for at kommunen kan ta dette ansvaret der det er naturleg.


Spørsmål 8:

Når det gjeld freda og verneverdige kyrkjebygg, bør staten vera med å ta økonomisk ansvar.

Kyrkjene er ein viktig del av vår kulturarv, og det bør ikkje overlatast til kommunane å bera dette ansvaret aleine.

Med helsing

Marta Nerheim Tjordan
leiar


Anne Marit Øvstebø
kyrkjevevje

Vedlegg: Spørjeskjema

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Suldal kyrkjelege fellesråd

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Sjå høyringsuttale.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer

Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:
Sjå høyringsuttale

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

Ingen tillegg

x De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene

x Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget

Det humanistiske verdigrunnlaget

x At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke

Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

x Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)

Kommunen

Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret

x Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret

Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret

Vet ikke / ønsker ikke å svare